



Hjortestamma på Haugland må reduserast. Her er slaktinga igang hausten 2007. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Sidan det ikkje er mogeleg å få til eit storvald meiner hjortejegarane på Haugland at redusert minsteareal og målretta avskyting er det som må til for å betra på forholda med for mykje hjort.**

- På Haugland har vi lite areal og mykje hjort, Problemet vårt med mykje skade på eng, beite og skog må løysast, skriv dei i ein bestandsplan som no er utarbeidd og som skal gjelda i tre år frå no.

- Vi kjenner ikkje størrelsen på hjorteflokken i området og veit heller ikkje kor mange av dyra som er stasjonære eller kor langt dei vandrar. Det vi veit er at skader på skog, beite og ikkje minst dyrka mark er eit stort problem. Sjølv om vi dei siste åra har skote heile kvoten på opp mot 20 dyr, ser vi ikkje teikn til betring. Det verkar som om den årlege tilveksten er større enn uttaket, heiter det i planen.

Fellingsprosenten har vore 100 i 10 år, med felling av 20,15, 17 og 17 dei siste fire åra.

Dei dyra som kjem først inn på bøen er ofte åringsbukkar, ungekoller og gjeldkoller. Desse dyra ynskjer dei å ta ut, men då må minstearealet reduserast frå i år. Vert kvoten som før, må dei ta ut fleire koller som produserer kalv.

Valdet satsar på at minstearealet går ned.

Avskyting av kalvar og 1 1/2-åringar bør totalt bli minst 40 prosent.

Kalv bør utgjera minst 20 prosent av den totalt felte kvota. Uttak av hodyr 1 1/2 år og eldre bør minst overstiga 40 prosent av kvota.

Det kan fellast inntil åtte bukkar ller ungvoller/koller utan kalv som skadedyr frå 1. juli. Desse dyra går av ordinær kvote.

I dag (måndag) blir det halde møte i hjorterådet og då skal dei drøfta dispensasjon for små vald som ynskjer å utarbeide bestandsplan.

Spørsmålet som då vert stilt er dette: Er 10.000 dekar ein hellig grense?

Av Ola Matti Mathisen